



Solund kommune

FRAMLEGG

2020-
2023

PLANSTRATEGI FOR SOLUND KOMMUNE



ANNE KRISTINE DYRDAL

Solund kommune
Vedtøken i Solund kommunestyre
XX.XX.2020, sak XX/20

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Planstrategi for Solund kommune 2020 -2023

Innhald

1. Innleiing. Generelt.	2
2. Status og utfordringar	3
3. Framlegg til prioriterte tema for Solund kommune sitt plan- og strategiarbeid	6
4. Solund kommune sitt planverk og planbehov	8
Vedlegg	13
Om kommunal planstrategi	13
Lovgrunnlag. Rammer	15
Organisering og prosess	19
Kort omtale av dei viktigaste planane	20

FRAMLEGG PER 22.10.2020

1. Innleiing. Generelt.

Kommunal planstrategi er eit lovpålagt hjelpemiddel for kommunestyret til å drøfte og avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunen sine behov og leggje til rette for ønska utvikling. Tidspunkt for vedtak er innan eit år etter kontinuering av kommunestyret. Dette har ikkje vore mogeleg å gjennomføre med bakgrunn i stort arbeidstrykk i samband med Korona.

Gjennom vedtak av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av den skal reviderast eller om den skal førast vidare utan endringar. Det er eit mål å sikre at den politiske prioriteringa av planoppgåvene byggjer på ei brei vurdering av kommunen sine utfordringar.

Planstrategien tek utgangspunkt i «Utviklingstrekk – Vedlegg til kommunal planstrategi 2020», «Folkehelseoversikt for Solund kommune 2020-2023» og Solund kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen 2020 – 2030. Dokumenta viser utvalde utviklingstrekk og utfordringar i vår kommune, og dannar med det eit grunnlag for å vurdere planbehovet i kommande periode. Dette skal bidra til at planlegginga i Solund kommune blir behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

Det er ressurskrevjande å utarbeide og vedlikehalde planar. Planverket bør difor avgrensast til det som er naudsynt for å oppfylle viktige mål. Lovpålagde planar må prioriterast.

Planstrategien skal gje svar på fylgjande:

- Kva endringar må/bør gjerast i eksisterande planar som skal vidareførast?
- Kva planar skal vidareførast uendra?
- Kva trengst av nye planar?
- Kva planar kan gå ut/graderast ned?

Planstrategien er eit politisk styringsverktøy og skal ha som mål å følgje opp intensjonane i PBL § 3-1 om at:

«Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnadar for gjennomføring og ikkje være meir omfattande enn naudsynt.»

Framlegg til vedtak i kommunestyret skal gjerast kjent i minst 30 dagar før handsaming. Kravet i plan- og bygningslova om å hente inn synspunkt frå statlege og regionale myndigheiter og nabokommunar vil bli oppfylt i denne perioden.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

2.Status og utfordringar

Utvikling og utfordringar

Utvikling og utfordringar henta frå Solund kommune sin samfunnsdel 2020-2030

Viktige utviklingstrekk og utfordringar fanga opp undervegs i samfunnsplanarbeidet er lista opp under, henta frå punkt 1.3 i Solund kommune sin samfunnsdel 2020 - 2030:

- **Sentralisering** gjer at det er vanskeleg å oppretthalde folketalet i mindre sentrale strøk. Tilgang på arbeidsplassar, bustader og utdanning er dei viktigaste faktorane i arbeidet med **rekruttering**.
- **Aukande mobilitet i samfunnet** gjer at Solund må arbeide strategisk for å sikre båtruter, fiber- og mobilnett og ikkje miste fleksibilitet i høve kvar du bur og kvar du jobbar
- **Fleire eldre og færre unge** gjer at omsorgsbyrden aukar på dei som er i arbeidsfør alder og dette krev endring i dei kommunale tenestene og nye samarbeidsmetodar. Situasjonen byr på fleire moglegheiter og utfordringar enn ein har sett til no.
- **Fleire menn enn kvinner** gjer mellom anna at folketalsutviklinga bremsar opp. Unge kvinner har ein større tendens til å flytte frå heimstaden enn unge menn, hovudsakeleg for å ta høgare utdanning. Næringslivet er ikkje variert nok til å kunne tilby arbeidsplassar til «alle».
- **God inkludering** vert stadig viktigare slik at dei som kjem til Solund og dei som bur her får delta og blir sett/inkludert som den dei er. Solund kan merkje seg ut med ein open felles kultur for inkludering.
- **Motstridane interesser knytt til sjøen og strandsona** gjer at Solund må ta styringa med arealbruken for å kunne sikre lokal verdiskaping.
- **Forventing om sentrums kvalitetar** krev oppdatert reguleringsplan og strategiske grunnkjøp på Hardbakke.
- **Samferdsla er i endring** med at det kjem ny bru over Ytre Steinsund og at ny ekspressbåtstogg på Hardbakke kan vere aktuelt. Dei lokale båtrutene og bussruter kan bli endra.
- **Fylkes- og kommunesamanslåingar** gjer at Solund må gjere nye strategiske val i forhold til eiga oppgåveløysing, samarbeid og partnerskap for å få til ønska samfunnsutvikling.
- **Klimaendringane** er tydelegare og gjer at det må rettast merksemd både mot utsleppsreduksjon og tilpassing til meir ekstremvær i all planlegging.

Ein kan lese meir om desse utfordringane i Vedlegg 1 - Handlingsprogram 2020 - 2030, i Solund kommune sin samfunnsdel.

- **Digitalisering** er også trekt fram i kommuneplanen sin samfunnsdel som noko som gjev både utfordringar og moglegheiter.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Utfordringar peika på i Folkehelseoversikt 2020

- **Covid-19-pandemien** kan føre til at dei som allereie har utfordringar får fleire og større utfordringar. I tillegg kan det komme arbeidsløyse, sjukefråvêr og permitteringar, vidare einsemd, vanskar med isolasjon/ karantene, språkvanskar, fattigdom.
- **Trivsel i skulen** er framleis under landsgjennomsnittet og fylkesgjennomsnitt, men er i positiv utvikling. Det er viktig med ulike alternativ i tilbod og «uorganiserte» tilbod, gjerne ute i bygdene. Tilboda må femne ulike aldersgrupper og vere på ulike tidspunkt.
- **Kosthald og fysisk aktivitet** er framleis felt der Solund kommune har utfordringar på linje med resten av landet.
- **For mange unge prøver alkohol før dei er gamle nok.** Det førekjem rusmidlar som Cannabis.
- **Kreft og demens** er sjukdomar som er forventa å auke.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Utviklingstrekk - Vedlegg til kommunal planstrategi

- Varierende folketalsutvikling og negativt fødselsoverskot
- Utflytting i alderen 15 - 30, innflytting i dei fleste av dei andre aldersgruppene
- Folketalsnedgang i dei fleste grendene, men folketalsauke i kommunesenteret
- Negativ folketalsprognose, med stor nedgang i gruppa 10 - 19 år og stor auke i gruppa 80 - 89 år
- Minkande del som bur åleine
- Lågaste meistringsnivået i 5. klasse er signifikant dårlegare enn landsnivået
- Solund er signifikant betre enn landsnivået på barn med einslege forsørgjarar, luftkvalitet, valdeltaking, psykiske symptom/-lidingar og antibiotikabruk.
- Fleire kvinner enn menn i Solund har høgare utdanning, utdanningsnivået nærmar seg landsgjennomsnittet.
- Stort sett minkande tal arbeidsplassar dei siste årar, men i 2019 auka det
- Flest er sysselsette i kommunen, innan industri og jordbruk, skogbruk og fiske. Solund har svært mange tilsette innan fiskeri og oppdrett i forhold til snittet for landet.
- Det er fleire som pendlar ut av kommunen enn inn i kommunen.
- Solund kommune har positiv bustadattraktivitet men negativ bustadattraktivitet dei siste 10 år. I 2019 var det omvendt.
- Solund kommune har høgare omsetnad/ innbyggjar i detaljhandel enn nabokommunar, og dekningsgraden er også høg samanlikna med nabokommunar.
- Om lag 20 % av innbyggjarane leiger bustader, resten eig sjølv.
- Få personar i Solund er knytt til kommunale vassverk i Solund samanlikna med fylket og landet.
- Solund kommune har høge utslepp av klimagassar, det meste innan skipsfart. Klimagassopptaket i Solund har auka svakt dei siste åra. Utsleppa må redusertast med 80 - 95 % i løpet av dei neste 30 åra.
- Fleire næringar kan oppleve klimarisiko i samband med klimaendringane, dette gjeld: fiske, fangst og akvakultur, maskinreparasjon- og installasjon, varehandel, sjøfart og jordbruk.
- Solund kommune ligg stort sett under gjennomsnittet til Kostragruppe 6 for dei utvalde indikatorane innan pleie og omsorg, unntaka er del personar over 80 år på pleieheim og utgifter per opphaldsdøgn.
- Solund kommune ligg under gjennomsnittet til Kostragruppe 6 for alle dei utvalde indikatorane innan oppvekst.
- Solund kommune ligg om lag på gjennomsnittet for Kostragruppe 6, for to indikatorarar for barnehagen, medan netto driftsutgifter barnehage per innbyggjar 1 - 5 år er eit godt stykke over gjennomsnittet.
- Solund kommune ligg på 181 plass på kulturindeksen. Sjølv om denne «målinga» er snever, så gjev den ein indikasjon på Solund sett opp mot andre kommunar.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

3. Framlegg til prioriterte tema for Solund kommune sitt plan- og strategiarbeid

Korleis vil vi ha det framover

(punkt 1.4 i Solund kommune sin samfunnsdel 2020 - 2030)

For å arbeide målretta med utfordringane må vi ha eit bilde av korleis vi ynskjer å ha det framtida. I dialogen undervegs i planarbeidet har vi fått fram følgjande ynskje for framtida:

- næringsdrivande og tilflyttarar som etablerer seg permanent i Solund fordi dei kjenner seg velkomne og opplever at det er enkelt.
- eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på Solund sine grunnleggande ressursar i natur og folk.
- eit variert bustadtilbod med god kvalitet og trygge bustadmiljø, der kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, fellesopplevingar og identitet.
- barn og unge som har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår i en kommune som verdset kunnskap, ferdigheiter og mangfald.
- eit livsløpsvennleg samfunn der alle kan meistre livet lenger, ha tryggleik for å få hjelp når dei treng det, og det er lagt til rette for at pårørande og frivillige kan hjelpe.
- god helse og ingen sosial ulikskap og utanforskap
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som deltek i aktivitetar, og skapar aktivitet fordi dei ynskjer å bidra positivt for seg sjølv og andre.
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte.
- infrastruktur som gjer det enklare med aktiv deltaking i eit regionalt bu-, arbeids og serviceområde, og færre barrierar for dei som nyttar seg av jobb, utdannings-, kultur og fritidstilbod.
- ein effektiv kommunal organisasjon med motiverte, kvalifiserte og omstillingsdyktige medarbeidarar, som tek i bruk moglegheitene som kjem av digitalisering, og er ein pådrivar i utviklingsarbeid.
- beredskap i samfunnet som i samhandling med andre er i stand til å handtere dei hendingar og krisesituasjonar som kan inntreffe.
- tenester som er nær innbyggjarane, og som vert løyst lokalt når det er mogleg.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Prioriterte tema

Solund kommunestyre vedtok kommuneplanen sin samfunnsdel i juni 2020, og administrasjonen tilrår at dei måla som vart sett opp der vert sette som prioriterte tema. Prioriteringane og tiltak må baserast på forventingar til kommunal planlegging, til dømes FN sine berekrafts mål, folkehelse og universell utforming.

- Bruk og vern av sjøareala
- Bruk og vern av kystlandskapet
- Varierte bustader og bukvalitetar
- Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar
- Gjere Solund synleg

Les meir om temaa i Solund kommune sin samfunnsdel til kommuneplan 2020 - 2030.

Administrasjonen vurderer det slik at mange av dei same utfordringane som Vestland Fylkeskommune trekkjer fram på vegne av fylket er samanfallande med Solund. Dei føreslegne prioriteringane er i stor grad dekkande for desse utfordringane, men sagt på med andre ord en fylkeskommunen.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

4. Solund kommune sitt planverk og planbehov

Solund kommune sitt planverk. Status og vurdering.

Vurdering av Solund kommune sitt planverk

I planstrategiarbeidet skal ein på grunnlag av ny kunnskap og endra behov gjere ei kritisk vurdering av eksisterande planverk, og vurdere trongen for revisjon og for evt. nye planar.


I planstrategien for 2016 - 2019 har det vore lagt inn mange planar og ein var optimistisk med omsyn til kapasitet til å utarbeide planar. Det er difor ikkje alle planane som var lagt opp til i førre perioden som har blitt påbegynt/ ferdigstilte.

Plansystemet skal ivareta den nye kommunelova sin krav om styrka samanheng mellom kommuneplanen og økonomiplan. Vi ynskjer å bli flinkare til å utvikle og gjennomføre gode løysingar saman med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, m.v.

Plansystemet skal:

- Gje eit godt grunnlag for politisk styring og administrativ oppfølging
- Vere tilgjengeleg og lett å få oversikt over
- Stimulere til tverrfagleg oppgåveløysing i samarbeid med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar.
- Gje ei tydeleg rollefordeling mellom planar som vert vedteke politisk og administrativt
- Legge til rette for openheit og målretta samarbeid/ medverknad i planprosessane

Framlegg til korleis arbeidet med dei overordna og prioriterte planane kan leggst opp frametter:



ÅBØ = årsmelding, rekneskap, budsjett og økonomiplan

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Denne modellen for planlegging gjennom planperioden, gjer at plansystemet heng meir saman.

Framlegg til korleis arbeidet med handlings-/ tiltaksprogrammet i dei ulike planane kan leggst opp frametter:



Ein slik framgangsmåte fører til at ein kan samkøyre medverknadsprosessane og høyringane, og meir føreseielege medverknads- og planleggingsprosessar for innbyggjarane.

Vurdering av planbehovet

Kommunal planstrategi

Arbeidet med datagrunnlag for ny planstrategi bør starte opp siste året i valperioden.

Merk: Det er fullt mogeleg å rullere planstrategien midt i perioden dersom ein finn dette naudsynt.

Kommuneplan 2020-2030

Kommuneplanen er den overordna planen til Solund kommune og samansett av ein samfunnsdel med målsettingar og ein arealdel som seier korleis ein skal nå måla i samfunnsdelen ved hjelp av arealbruken.

Samfunnsdelen. Langsiktig del 2020-2030

Samfunnsdelen vart det jobba grundig med og det vart gjort vedtak i juni 2020.

Administrasjonen tilrår difor ikkje ei rulling av planen i løpet av denne perioden, men tidleg i neste valperiode. Planstrategien 2020 - 2030 er basert blant anna på samfunnsdelen som var vedteken i juni.

Arealdelen 2020-2030

Arealdelen er i prosess og har 1. gangs handsaming i oktober 2020. Prosessen vidare bør vurderast etter at høyringa er gjennomført, når ein har oversikt over innspela.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Andre planar m.m.

Økonomiplan, budsjett, årsmelding

Budsjett er planlegging av økonomien til Solund kommune det komande ret, medan økonomiplanen er budsjettering for dei neste 4 årar. Årsmelding med rekneskap rapportering av økonomien for det siste året. Desse dokumenta skal utarbeidast årleg, og må ta omsyn til dei økonomiske rammene som kommunen får.

Lønspolitisk handlingsplan:

Solund kommune si lokale lønspolitikk. Formålet med planen er å skape ein felles forståing av lønspolitikken. Alle dei tilsette skal kunne gjere seg kjent med den lokale lønspolitikken, og såleis ha ein reell moglegheit til å innrette seg etter denne. Planen skal også hjelpe Solund kommune som arbeidsgjever å helde oversikt over dei ulike lønspolitiske virkemiddela som er i bruk, og sikre likebehandling og utnytting av dei økonomiske rammene.

Personalpolitisk handlingsplan

Eit generelt og overordna dokument som skal samle andre meir spesifikke reglement og retningsliner. Dette både for å gjere dei meir tilgjengeleg, men også for å sikre ein overordna og heilskapleg samordning av dei ulike regelverka.

Strategi for digitalisering og effektivisering

I ny teknologi ligg moglegheiter for betre tenesteproduksjon. Tenesteproduksjonen kan bli betre fordi kvaliteten på tenestene aukar, men ofte også fordi kostar blir mindre. Skal vi lykkast med å hente ut heile gevinstane som ligg i ny teknologi må vi også sjå på høve utover teknologien når den tas i bruk. Er det til dømes gevinstar å hente knytt til organisering eller arbeidsmetode? Strategien vil også seie kva prinsipp ein ynskjer å legge til grunn for dei frigjorte ressursane. Vidare må vi ha ein strategi for korleis Solund kommune skal arbeide med digitalisering og effektivisering mot andre aktørar som private leverandørar, SyS-IKT og KS.

Trafikktryggingsplan

Planen er eit naudsynt verkemiddel for å få gjennomført konkrete trafikktryggleiksprosjekt med tilskot frå statlege midlar. Denne planen er under rullering og det er forventa vedtak i 2020.

Hovudplan for vatn og avløp

Dette er fyrst og fremst ein teknisk oversiktsplan som skal vise status på infrastrukturen og behova for utviklinga, også sett i samheng med nye utbyggingsområde fastsett i arealdelen.

Overordna beredskapsplan

Denne beredskapsplanen omhandlar store hendingar som bilulykker, naturkatastrofar, brann på Solundheimen, med fleire. Denne planen er allereie rullert i denne perioden. Jamfør samfunnsplanen skal den rullerast kvart andre år.

Overordna ROS

Med grunnlag i heilskapleg ROS-analyse har kommunen utarbeide plan for samfunnssikkerheit og beredskap. Planen sikrar at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i eit meirheilskapleg perspektiv. Planen vil bidra til god tverrsektoriell og samordna handtering av ønska hendingar. Har vore rullert i perioden.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Plan for vedlikehald og rehabilitering av kommunale bygg og anlegg

Planen inneheld ein oversikt over bygningar, anlegg, vegar og kaiar som er i kommunalt eige, i tillegg til ein oversikt over behov for vedlikehald og ein plan for gjennomføring av dette. Planen vart utarbeida i 2017 og revidert i 2019. Handlingsplanen reviderast kvart år.

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding er eit oversyn over dei selskapa som Solund kommune har eigarskap i og korleis stoda er i selskapet. I denne skal Solund kommune ta stilling til om kommunen skal halde fram eigarskapen. For å sikre ei god kommunal styring på selskapa som Solund kommune eig i skal denne utarbeidast årleg. Det kan vere ei føremon å gjere ei grundigare vurdering av eigarskapen i samband med kommunereforma.

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Planen handlar om mange sider ved folkehelsa, den har ei varigheit på 4 år og vart rullert i 2019. Handlingsplanen må vurderast rullerast årleg, dersom det er behov for å oppdatere handlingsplanen sett opp mot spelemidlar.

Kartlegging og verdisetting av friluftsområde

Dette er eit dokument som kartlegg og verdisetter friluftsområde basert på ein vegleiar frå Miljødirektoratet. Dette dokumentet er utarbeidd. Det vil vere ei føremon å rullere denne i samband med ei større rullering av arealdelen, men det er ikkje behov i denne valperioden.

Plan for friluftslivets ferdselårar

Friluftslivets ferdselårar er ei naturleg vidareføring av arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområde og det nasjonale turskiltprosjektet knytt til merking og gradering av turløyper. Plan for friluftslivets ferdselårar er eit verkemiddel for å identifisere, ivareta og utvikle stiar, turvegar og løyper som er viktige for utøving av friluftsliv.

Handlingsplan for folkehelse

Systematisering av folkehelsearbeidet ved å utarbeide ei frivilligplattform og ein konkret handlingsplan for folkehelseiltak i Solund kommune.

Kulturminneplan

Kulturminneplan ivaretek kulturminne, både dei materielle, til dømes bygningar, og dei immaterielle, til dømes musikk og dans. Arbeidet med kulturminneplan bør sluttførast blant anna for å sikre kulturminner som ikkje har vernestatus, dessutan er ein vedteken plan gunstig for dei som ynskjer å søkje om midlar gjennom Kulturminnefondet.

Klima- og miljøplan

Gjeldande klima- og energiplan blei vedteken i 2011. Ein har i dag meir og betre informasjon om tema og korleis klimaet og miljøet har utvikla seg, og kva tiltak kommunar bør iverksette for å imøtekomme dei overordna klimamåla. Med bakgrunn i dette bør klima- og energiplan for Solund kommune reviderast i planperioden, med oppstart i 2020 og vedtak innan 2021.

Gåseplan

Med bakgrunn i utfordringar med aukande bestandar av grågås i Solund kommune over tid, og dertil knytte problem med aukande beitetrykk på innmark hos fleire gardbrukarar i kommunen, vart det konkludert med at det var behov for ein meir fagleg og systematisk tilnærming til forvaltninga av den lokale grågåsbestanden.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Lokal utviklingsstrategi

Denne strategien har som formål å hjelpe til med å sikre langsiktig utviklingskraft for Solund. Denne vart vedteken i 2015, med ei rullering av handlingsplanen årleg. Handlingsplanen vart ikkje rullert i 2019, grunna at ein var i sluttspurten på samfunnsdelen. Handlingsplanen bør rullerast årleg, medan rullering av sjølve strategien bør rullerast i samband med rullering av samfunnsplanen i neste valperiode.

Samferdslestrategi

Strategien skal sikre formålstenleg infrastruktur til og internt i Solund.

Besøksstrategi for Utvær

Lage ein besøksstrategi, der ein finn ein modell for utvikling og drift av Utvær som gjev auka verdiskaping og der ein ser på utviklinga i samanheng med reiselivsutviklinga i heile av Solund. Drifta og utvikinga må sjåast i samanheng med verneverdiane og lokalsamfunnet.

Besøksstrategi for Solund

Lage ein besøksstrategi, der ein finn ein modell for utvikling av Solund som gjev auka lokal verdiskaping for næringslivet i Solund. Utvikinga må sjåast i samanheng med naturverdiar, verneverdar og lokalsamfunnet.

Handlingsplan bustadbygging

I lenger tid har det vore problematisk å skaffe føremålstenlege bustader, spesielt i kommunesenteret. Det er ikkje laga ein plan for bustadbygging i førre periode, men jamfør tiltak i samfunnsdelen skal denne lagast.

Folkehelseoversikt

Kommunen skal utarbeide eit oversiktsdokument som kvart fjerde år skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet og inngå som grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi. Folkehelseoversikt vart vedtatt i 2018 og vart oppdatert i 2020, det er vidare planlagt oppdatering kvart år framover. Dette dokumentet må rullerast i 2023 før oppstart på kommunal planstrategi.

Plan for oppvekst

Solund kommune manglar ein overordna oppvekstplan. I lys av endringar i lovverk og planar både frå sentralt og lokalt hald er det behov for ein slik plan. Oppvekstplanen vil mellom anna konkretisere måla i samfunnsdelen og andre kommunale planar. Samstundes vil planen også ta opp i seg det oppvekstsektoren har arbeidd med i OU-prosessen.

Kulturplan

Dette er ein plan for kulturfeltet, den tek opp tema som kva vi har av tilbod og kve vil vi med kulturarbeidet. Planen er under arbeid og er forventa vedtak på i 2021.

Overordna plan helse og omsorg

Ein overordna plan for helse- og omsorg skal innehalde alle tenester som inngår i tenesta, og skal implementere kvalitetsreforma «Leve heile livet» i sektoren.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan og Psykiatriplan

Desse to planane er i ferd med å bli reviderte og er blitt slått saman til ein plan. Planen er forventa vert vedteken i 2020.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Vedlegg

Om kommunal planstrategi


Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet

Figuren under syner koplinga mellom kunnskapsgrunnlaget og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova og kommunelova, samt kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.



FIGUR 1. KOPLINGA MELLOM FOLKEHELSELOVA (OVERSIKTSARBEIDET SOM INNGÅR I KUNNSKAPSGRUNNLAGET) OG KOMMUNAL PLANSTRATEGI.

Grunnstrukturen i kommunal planlegging kan framstillast slik:




FIGUR 2. FORENKLA OVERSYN OVER DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Forholdet mellom planstrategien og kommuneplanprosessen

Kommunal planstrategi skal vedtakast innan eit år etter konstituering, dvs. hausten 2020. Kommunen kan i vedtak av den kommunale planstrategien avgjere at heile kommuneplanen, samfunnsdelen åleine, eller arealdelen åleine skal reviderast utan å gå nærare inn på innhaldet i revisjonsarbeidet. Rammer og føresetnader for revisjonsarbeidet, tema, føringar, strategiar og opplegg for medverknad vil då bli avklart i planprogrammet.

Figuren under syner tilrådd hendingsgang. Innhald og nærare prosess vil bli avklart i arbeid med planprogrammet, som er første fase av planprosessen for kommuneplanen og kommunedelplanar. I planstrategien kan det ein vedta mandat for revisjonsarbeidet.



FIGUR 3. FORHOLDET MELLOM PLANSTRATEGIEN OG KOMMUNEPLANPROSESSEN.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Lovgrunnlag. Rammer

Plan- og bygningslova §10-1 Kommunal planstrategi:

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være en del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

Kommunal planstrategi skal leggja til grunn nasjonale forventningar og regional planstrategi.

FN sine berekraftsmål som ramme

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging legg regjeringa vekt på at kommunane skal planlegge for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og god folkehelse. Ei berekraftig utvikling handlar om å tilfredsstille behova vi har i dag utan å øydelegge for framtidige generasjonar sine mogelegheiter til å tilfredsstille sine behov. Regjeringa ønskjer at dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane, og har bedt fylkeskommunar og kommunar om å sikre at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Forventningane er delt inn i fire tema.

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
3. Berekraftig areal- og transportutvikling
4. Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

FRAMLEGG PER 22.10.2020



FIGUR 4. FN SIN E BÆREKRAFTSMÅL.

Regjeringa ber lokale og regionale myndigheiter forstå og tolke dei nasjonale forventningane i ein lokal samanheng når ein utarbeider og gjennomfører planar. Det vil vere svært krevjande å satse på alle bærekraftsmåla i ein kommuneplan, og ein del av planarbeidet vert å jobbe med korleis vi skal jobbe med bærekraftsmåla i Solund kommune.

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med planstrategi og planer, og vert lagt til grunn for statlege myndigheter si medverknad i planlegginga.

Regjeringa legg vekt på følgjande store utfordringar:

- Å skape et bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom mellom anna offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regionale føringer

Kommunen er forplikta til å legge regionale planar til grunn for sitt arbeid.

Regional planstrategi for Vestland fylkeskommune «Utviklingsplan for Vestland 2020–2024» ligg no ute til høyring. Tema i planen er:

1. Klimaomstilling

FRAMLEGG PER 22.10.2020

2. Balansert areal- og naturressursbruk
3. Gode transportsamband og smart mobilitet
4. Grøn konkurransekraft
5. Digitalisering av samfunnet
6. Relevant kompetanse og kunnskap
7. Attraktive stader og gode nærmiljø
8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
9. Eit likeverdig samfunn
10. Ungdom - trivsel og tilhøyre

Høyringsutkastet inneheld fire målformuleringar basert på FN sine berekraftsmål:

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

For kvart mål er det utvikla fleire strategiar som skal bidra til å nå måla

Vedteke regionale planar:

- Regional plan for folkehelse vedteke i gamle Sogn og Fjordane 2015-2025
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane 2018-2022
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021
- Regional plan for vindkraft
- Regional plan for kultur – kultur for alle 2019-2027
- Regional strategisk plan for kysten 2018-2029
- Regional plan for verdiskaping 2014-2025
- Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027
- Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging Sogn og Fjordane

Av nye regionale planar som skal utarbeidast kan det nemnast:

- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, oppstart 2020
- Regional klimaplan, oppstart 2020
- Regional plan for senterstruktur, oppstart 2021
- Regional transportplan, oppstart 2020
- Regional plan for kompetanse, oppstart 2021
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv, oppstart 2021

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Kommunen sine føringar

Folkehelselova slår fast at folkehelse skal vurderast i alle typar saker. Kommunen har lage ei oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen, og desse leggest til grunn i det samla utfordringsbiletet.

Som grunnlag for kommunen si beredskapsplikt skal det liggje føre ei ROS-analyse (Risiko- og sårbarheit). ROS-analyse kan gjerast grunnleggande for planlegging generelt, i den forstand at avgrensingar og moglegheiter vert synleggjort samla. Resultatet av ROS-analysen påverkar såleis prioriteringar både av samfunns- og arealmessig karakter. Det er elles eit spesifikt krav om ROS-analyse til alle planar. I Solund kommune vart samla ROS-analyse vedteken i 2019.

Solund kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen 2020 - 2030 er også nytta i utarbeiding av dokumentet.

Interkommunalt samarbeid

Solund kommune har sagt i kommuneplanen at oppgåver og tenester skal løysast mest mogeleg lokalt, men kommunen ser at det kan vere føremålstenleg å samarbeide interkommunalt om fleire tema og verksemdområde. Behovet for å etablere interkommunalt samarbeid er tema i dei ulike avdelingane innanfor mellom anna helse, pleie og omsorg, brannvern og landbruk. Interkommunalt samarbeid vil kunne styrke dei ulike fagmiljø og dermed bidra til å gjere det meir attraktivt å arbeide i kommunen/regionen. Det gir også høve til å løyse felles oppgåver på ein betre måte. Men det kan også vere ein ressurskrevjande måte å jobbe på, då det kan vere interessekonfliktar mellom kommunane.

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Organisering og prosess

Organisering

Prosjektansvarleg:	Administrasjonssjefen
Administrativt:	Leiargruppa
Politisk:	Formannskapet

Prosess

Med bakgrunn i mykje arbeid i samband med Korona, kan ein ikkje lakkast å gjennomføre planstrategiprosessen i tråd med loverket.

Framdriftsplan

Juni	Presentasjon i leiargruppa
August	Drøfting i leiargruppa
September	Drøfting i formannskapet
Oktober	Vedtak om høyring i formannskap og kommunestyre
November	Høyring i 30 dagar
Desember	Politisk sluthandsaming

FRAMLEGG PER 22.10.2020

Kort omtale av dei viktigaste planane

KOMMUNEPLAN Lovpålagt. Lovheimel: PBL.

Består av:

1. Samfunnsdelen:

Overordna plan med langsiktige mål og strategiar.

2. Arealdelen:

Arealplan for heile kommunen. På grunnlag av mål og strategiar i samfunnsdelen.

12 års planperiode. Behov for revisjon vurderast kvart 4. år i kommunal planstrategi.

3. Handlingsplan til samfunnsdelen:

4 års planperiode. Økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Skal rullerast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.

ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT. Lovheimel: Kommuneleva

Økonomiplan 4 års planperiode.

Plan for heile kommunen si verksemd i planperioden, med venta inntekter, prioriterte oppgåver og tiltak, og sannsynlege utgifter. Kan samordnast med handlingsdelen i kommuneplanen.

Årsbudsjettet 1 års planperiode.

Bindande plan for bruk av kommunen sine midlar i budsjettåret.

Økonomiplan og årsbudsjett vert rullert kvart år.

KOMMUNEDELPLANAR Lovheimel: PBL.

Kommunedelplan er ein plan for geografiske delområde eller tema/sektorar. For utarbeiding og revisjon gjeld same lovverk som samfunnsdelen og arealdelen.

Vert utarbeidd etter behov for detaljering eller utfylling av den overordna planen.

Det er to slags delplanar:

1. Kommunedelplan for viktige tema eller sektorar. Døme: Oppvekst.

2. Delplanar for arealbruk. T.d. tettstadar i kommunen.

For utarbeiding og revisjon gjeld same reglar som for samfunnsdelen og arealdelen.

REGULERINGSPLANAR Lovheimel: PBL

Reguleringsplanar er arealplanar for avgrensa område. Det er etter PBL av 2008 to typar:

- Områdereguleringsplanar. Større område, mindre detaljert.

- Detaljreguleringsplanar. Meir detaljert, vanlegvis mindre område.

Områderegulering vert normalt gjort av kommunen.

Detaljregulering kan gjerast av kommunen eller private. Kommunen kan avvise private planframlegg som er i strid med overordna plan.

TEMAPLANAR, SEKTORPLANAR, FAGPLANAR

Omfattar planar som er laga for å fylgje opp føringar i samfunnsdelen, sektorovergripande planar, lovpålagde planar, fagplanar. Planane kan vere utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova eller planane kan stå friare i høve til prosesskrav og tidsfristar, det vil sei at det ikkje er krav om utarbeiding av planprogram.

Kommunen står fritt i å fastsetje opplegg for utarbeiding og medverknad ut i frå kva som er tenleg i kvart tilfelle, og ev. føringar i aktuelt lovverk. Vert lagt fram til politisk godkjenning i kommunestyret. Behov for revisjon vert vurdert i kommunal planstrategi kvart 4. år.

Temaplanar vert normalt sett rullert i løpet av planperioden.